SULA KOMMUNE

# Skala for uro for barn og unge

Denne skalen er utarbeida for å ein lettare kan identifisere og skalere uro ein har rundt eit barn eller ungdom. Den er sett i samanheng med dei ulike nivå i BTI- rettleiaren, og kan gjerne brukast saman med andre BTI-verktøy som «Signal frå barn og unge på mogleg manglande trivsel», «Skala for uro- foreldre» og «Observasjonskjema».

| | Barnet / ungdommen | Foreldra | BTI |
|---|---|---|---|
| Generelt god trivsel | • utviklar seg normalt både sosialt, fysisk og intellektuelt med vanlege, naturlege endringar i trivsel. | • god foreldreomsorg.<br>• søkjer rådgjeving om barnet i ein periode det ikkje har god trivsel.<br>• kan søkja hjelp ved å kontakta lege, sjukepleiar, barnehage, skule m.m. | Vanskane handterast i det daglege rom (Nivå 1) |
| Redusert trivsel | • utsett for lette, men konstante belastningar og viser teikn på at noko er galt<br>• eller barnet er utsett for ei større, men forbigåande belastning og viser teikn på at noko er galt (barnet kan for eksempel vere påverka psykisk og sosialt av ei bestemt hending). | • høyrer på råd og rettleiing frå lærar, pedagog, helsesjukepleiar, psykolog m.m. | |
| Spesielle behov | • viser tydelege teikn på at noko er galt, f.eks ved handikap, vanskar med mat m.m.<br>• gir signal i form av psykiske reaksjonar, åtferdsreaksjonar m.m. | • god omsorg (med omsyn til handikappa barn)<br>• konstant eller for ei tid redusert omsorg p.g.a. sjukdom, misbruk, aktuell krise ved sjukdom, dødsfall eller arbeidsløyse. | Vanskane krev innsats frå ulike [illegible] |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Trua barn (stor trong for spesiell støtte) | • er utsett for langvarig tung belastning og viser tydelege teikn på at noko er galt.<br>• fungerer svært dårleg og utviklar seg permanent i ei negativ retning.<br>• vanskeleg for å knyta seg til eller skape relasjonar til andre barn eller vaksne.<br>• begynnande feilutvikling i personlegdom. | • redusert omsorg i så høg grad at familien ikkje meistrar belastningar.<br>• teikn hjå barnet på at noko er galt aukar såleis i styrke og omfang. | |
| Risiko for varig skade | • sender dagleg signal om forsinka utvikling som følgje av omsorgssvikt.<br>• mistrivst sterkt:<br>    o har sinnslidingar.<br>    o er svak i kontakt.<br>    o har eventuelt eit misbruk og/eller kriminelle handlingar.<br>    o varige personlegdomsskader. | • fråverande omsorg og er sterkt prega av personlege, psykiske, sosiale, økonomiske og/eller faktorar i nettverket.<br>• alle lokale tilbod er testa utan hell. | Vanskane må løysast på spesielle stader. (Nivå 3) |